

ÅRSMELDING 2016

SYKKYLVEN KYRKJELEGE FELLESRÅD




Foto: Hallvard Sandvik

Sykkylven og Ikornnes kyrkjer

Innhaldsliste

1. Innleiing.....	3
2. Fellesrådets samansetning	4
2.1. Medlemar.....	4
2.2. Medlemar i administrasjonsutvalet.....	4
3. Eit utdrag av sentrale saker i 2016.....	4
4. Dei tilsette.....	8
5. Kyrkjene.....	8
6. Sykkylven kyrkjegard	9
7. Økonomi	9
8. Oppsummering/målloppnåing/resultat.....	10

1. Innleiing

Kyrkja sin organisasjonsstruktur skal sikre at kyrkjas medlemmar opplever at kyrkja er til stades i sorg, i kvardag og fest. Medlemmene skal kunne feire gudsteneste, delta i kyrkjelege handlingar, oppleve diakoni, trusopplæring, kultur og kyrkjelege fellesskap i sitt eige lokalmiljø.

Organisasjonsstrukturen skal også sikre at medlemmane har innverknad på si eiga kyrkje.

Organisatorisk skjer dette ved at nokre av medlemmane er demokratisk velde til dei styrande organa; Ikornnes sokneråd, Sykkylven sokneråd og Sykkylven kyrkjeleg fellesråd. Vidare så vel sokneråda medlemmar til ulike grupper/nemnder/utval som f.eks. trusopplæringsutval, utsmykkingsnemnd og prosjektgrupper. I tillegg har kyrkjelydane mange frivillige som på ulikt vis står i teneste for vår Gud og for sin neste. Dette er eit av særprega ved denne organisasjonen som kyrkjelydane er kalla til å legge til rette for og invitere inn i.

I Sykkylven kommune har vi 2 sokn med kvart sitt sokneråd. Ikornnes sokn har i underkant av 1400 registrerte medlemmar og Sykkylven sokn har i underkant av 5200 registrerte medlemmar.

Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) tek hand om visse definerte oppgåver på vegne av sokna og Sykkylven kommunen. Dette er lovfesta i kyrkjelova §14»hovudparagraf». SKF er i tillegg forplikta til føremålsparagrafane ein finn i §1 og §28.

Ansvaret til SKF er:

- administrative og økonomiske oppgåver på vegner av sokna
- å utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen
- å fremje samarbeid mellom kyrkjelydane
- å ta hand om interessene til sokna i høve til kommunen.

Slik blir SKF eit strategisk samhandlingsorgan, både for sokna seg imellom og for kontakten mellom sokna og kommunen.

Dei viktigaste oppgåvene til SKF er:

- bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer, kyrkjegard og kyrkeinventar
- å skaffe og drive kyrkjekontor (inklusive prestekontor)
- å skaffe lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsundervisninga – også tilrettelegging for konfirmantar med særskilde behov
- å ha arbeidsgjevaransvar for dei som er løna over fellesrådsbudsjettet
(opprette og legge ned stillingar, tilsetje og seie opp arbeidstakrar og ansvar for arbeidsmiljø)
- å forvalte felles økonomi (midlar/tilskot frå kommunen, midlar/tilskot frå staten til m.a. undervisning, diakoni og kyrkjemusikk, midlar som kyrkjelydane stiller til disposisjon eller overlét til fellesrådet, gåver/arv m.m. til kyrkjebygg, stillingar...)
- å sørge for administrativ hjelp til prosten når staten stiller midlar til disposisjon

Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) er ei verksemrd i bevegelse. Dette ved at vi tør å tenke nytt samtidig som vi vil og skal ta vare på dei gode tinga som er opparbeid gjennom mange år. Dette skjer gjennom godt samarbeid i stab, Fellesråd, Sokneråd og dei mange ulønna/frivillige medarbeidarane.

Vi gler oss over alle gode og positive tilbakemeldingar vi stadig får frå både innbyggjarar i Sykkylven og tilreisande. Vi set også pris på konstruktive tilbakemeldingar som kan gjere oss betre.

2. Fellesrådets samansetning

2.1. Medlemar

Frå Ikornnes sokneråd:

Trygve Ebbesvik (leiar)
Irene Hørte Høibakk
Vara: Anne Rita Kvistad Utgård

Frå Sykkylven sokneråd:

Torbjørn Støylen (nestleiar)
May Lisbeth Hovlid Aurdal
Vara: Bjørg Djupvik Grebstad

Geistleg representant:

Svein Runde (prost)
Vara: Helge Standal

Kommunal representant:

Anne Karin Watters
1. vara: Odd Jostein Drotninghaug (ordførar)
2. vara: Anita Vollstad

Sekretær og kyrkjeverje/dagleg leiar:

Arild Sporsheim

2.2. Medlemar i administrasjonsutvalet.

Frå fellesrådet:

Trygve Ebbesvik
Torbjørn Støylen
Svein Runde

Frå dei tilsette:

Rose Iren Stave
Arild Sporsheim (kyrkjeverje/dagleg leiar)

3. Eit utdrag av sentrale saker i 2016

F-sak 02/16 Fastsetting av rekneskapen for 2015

Kyrkjeverjen orienterte om eit rekneskapsresultat på kr. 40 429,- og viste til målet/budsjettet om å nedbetale tidlegare års meirforbruk med kr. 52 748,-. Hovudårsakane til denne positive utviklinga i forhold til år 2014 var etterbetaling for lønnsvekst på kr. 200 000,- frå kommunen, eit mindreforbruk til lønns- og personutgifter, samt tilskot frå sokneråda på kr. 308 000,- til utbetring og vidareutvikling av kyrkjene.

Vedtak:

Fellesrådet tok det til vitande.

Rekneskapsresultatet for 2015 endte opp med kr. 40 429,- som i si heilheit skal gå til nedbetaling av tidlegare års meirforbruk. Beløpet er kr. 12 319,- lågare enn budsjettet. For år 2016 må vi difor budsjettere med kr. 64 818,- til nedbetaling av resterande beløp frå tidlegare års meirforbruk.

Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.

F-sak 03/16 Revidering av budsjett 2016

Kyrkjeverjen orienterte om saksframlegget.

Vedtak:

Syklyven kyrkjelege fellesråd vedtok budsjettet som framlagt med til saman kr. 64 818,- til nedbetaling av tidlegare års meirforbruk.

SKF viser til stram budsjettdisiplin og at budsjettgjennomgang blir fast sak på alle møter i 2016.

Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.

F-sak 10/16 Vegen rundt Syklyven kyrkje

Leiar, nestleiar og kyrkjeverjen har vore på synfaring med ordførar og arealplanleggjar frå kommunen. Det var eit konstruktivt møte som mellom anna resulterte i at ordføraren tok kontakt med kyrkjeverjen med forslag om strakstiltak for å snevre inn vegen før og i svingen. Dette er no på plass og vi opplever ein positiv effekt av dette.

Vedtak:

Fellesrådet tok det til vitande.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 11/16 Parkeringstilhøva ved Ikornnes kyrkje

Fellesrådsleiar orienterte om ei synfaring ved Ikornnes kyrkje vedr. parkeringstilhøva ved Ikornnes kyrkje. Dei som var med var: ordførar Odd Jostein Drotninghaug og brannsjef Oddmund Grebstad frå kommunen, soknerådsleiar Trygve Ebbesvik og nestleiar Irene Hørte Høibakk frå Ikornnes sokneråd, samt kyrkjeverje Arild Sporsheim.

Bakgrunnen for synfaringa er at Ikornnes sokn og FAU ved Sørestrand skule har sendt eit ope brev til Syklyven kommune der dei stiller spørsmål til den framtidige parkeirngssituasjonen ved Ikornnes kyrkje og Sørestrand skule. Bakgrunnen er at heile tomta til Jarnes skule (8 mål) er lagt ut for sal. I «alle år» har det vore slik at skuleplassen ved Jarnes skule har vore nytta til parkering ved arrangement i kyrkja. Ikornnes kyrkje har berre 5 (+2) parkeringsplassar. I tillegg har Sørestrand skule 36 (ref. Oddmund Grebstad) parkeringsplassar. Ei fjerning av moglegheita for parkering på skuleplassen ved Jarnes skule innber at det blir opparbeida ein parkeingsplass på minimum tilsvarande storlek som ved Sørestrand skule.

Synfaringa avslutta med at ordføraren oppsummerte med at han vil arbeide for at det blir opparbeida ein parkeringsplass med 36 parkeringsplassar langs Ikornnesvegen innom (sør for) Ikornnes kyrkje.

Vedtak:

Fellesrådet tok det til vitande.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

F-sak 14/16 Budsjettgjennomgang

Kyrkjeverjen meldte om at investeringstilskotet på kr. 300 000,- ikkje blir utbetalt for 2016. «*Til vanleg har det også vorte gitt eit investeringstilskot på kr. 300 000. Grunna svært avgrensa høve til å finansiere anna enn ny brannstasjon, vart det ikkje funne midlar til investeringstilskot i år 2016.*» (melding frå økonomisjefen).

Vedtak:

Fellesrådet tok det til vitande med melding om stram økonomiforvaltning og innkjøpsstopp ut året 2016.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 15/16 Søknad om kommunal ramme til drift administrasjon, kyrkjer og gravplass 2017

Driftsresultat:

Kyrkjeverjen orienterte om at den nyare rekneskapshistoria til Sykkylven kyrkjelege fellesråd viser at åra 2009 og 2010 gjekk med eit meirforbruk/underskot på om lag kr. 80 000,- pr. år. I år 2011 vart dette redusert til eit negativt resultat på kr. 27 000,- og i år 2012 med eit negativt resultat på kr. 23 500,-. I 2013 endte vi i utgangspunktet opp med eit positivt resultat på kr. 58 167,-, men etter inndekkinga av meirforbruket i 2011 og 2012 var saldoen på disposisjonsfondet

kr. 7 000,- ved inngangen til 2014. I 2014 endte vi opp med negativt resultat på kr. 119 046,- etter at saldoen på disposisjonsfondet var trekt frå. Årsresultatet 2015 endte opp med eit positivt resultat på kr. 40 429,-, som i si heilheit gjekk til regulering av disposisjonsfondet.

Disposisjonsfondet pr. 31.12.2015 viser ein negativ saldo på kr. 64 818,- som er budsjettert nedbetalt i rekneskapsåret 2016.

I fjor leverte vi ein rammesøknad på kr. 4 295 512,-. Med tillegg for lønns- og prisvekst (3%) blir dette kr. 4 424 377,- for år 2017.

Ingen investeringstilskot i 2016:

Vidare kunne kyrkjeverjen orientere om at den årlege tildelinga av kr. 300 000,- i investeringstilskot uteblir for 2016. Dette utgjer ei auka utfordring for driftsramma på meir enn 7,5 %. Grunngjevinga frå rådmann og økonomisjef er fylkesmannens inngripen som følgje av at Sykkylven kommune står i ROBEK-registeret.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesrådet gjorde i F-sak 15/16 vedtak om å søke om ei samla løyvinga på kr. 4 724 377,- i communal ramme til drift administrasjon, kyrkjer og kyrkjegard 2017.

Dette fordelt slik:

- kr. 150 000,- til 25% løn ungdomsdiakon.
- kr. 3 719 502,- til drift kyrkjer og kyrkjekontor.
- kr. 854 875,- til drift kyrkjegard.

Vidare ber vi om eit møte med rådmannen for ein nærmare gjennomgang av saka.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 16/16 Flytting og samanslåing av fond

Kyrkjeverjen orienterte om at Ikornnes sokneråd og Sykkylven har fatta vedtak om flytting og samanslåing av fond.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd er samd i dei vedtak som Ikornnes sokneråd og Sykkylven sokneråd har gjort vedrørande flytting og samanslåing av fond.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 19/16 Lysing til visitas i Sykkylven og Ikornnes sokn

Visitansen blir den 7.-12. februar 2017.

Prosten orienterte om at det er han som leier førebuing til visitasen i samarbeid med dei lokale kyrkjelydane og Møre biskop. Han har allereie hatt møte med staben og rådsleiarane.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd tok det til vitande.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 22/16 Søknad om auka økonomisk ramme for 2016

Fellesrådsleiar orienterte om søknaden og møtet den 28.10.2016 med rådmannen for å utdjupe søknaden. Rådmannen møtte med økonomisjef og dei to kommunalsjefane i Sykkylven kommune. Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) møtte med leiar, nestleiar og kyrkjeverje.

Søknaden omhandla kompensasjon for manglende investeringstilskot år 2016, men fleire saker vart omsnakka i møtet. Ei av dei gjaldt kommunal løyving til løn 25% ungdomsarbeidarstilling.

Kyrkjeverjen orienterte om at ungdomsarbeidarstillinga (*den gang med stillingstittel: Ungdomsprest*) vart oppretta den 01.08.2004 og har sidan den tid vore tilsett av fleire arbeidstakrar. I forkant av denne tilsettinga søkte SKF om ei kommunal løyving på 25% av 100% stillinga. Dei resterande 75% blir finansiert av sokneråda ved hjelp av innsamla midlar og statlege trusopplæringsmidlar. SKF har sidan 2005 tildelt denne 25% stillingsandelen av den kommunale rammeløyvinga til lønn ungdomsarbeidar. I 2004 var dette «friske» pengar i form av å være eit tilskot utover den ordinære driftsramma, men allereie for budsjett 2005 «forsvant» desse i form av at rammetilskotet ikkje var tillagt dette beløpet. Sidan 2004 og fram til i dag har SKF i ulike brev, inklusive alle rammesøknadane, og møter med kommunen presisert denne fråkoplinga mellom communal løyving til drift av administrasjon, kyrkjer og gravplass, og ungdomssatsinga i kommunen.

Rådmannens kommentar i møtet den 28.10.2016 var at i mangel av denne ekstraløyvinga/presiseringa i den kommunale rammeløyvinga er ikkje SKF forplikta til å vidareføre denne fordelinga til 25% lønn ungdomsarbeidar. Økonomisjefen kom ikkje med kommentarar på dette.

Vedtak:

Fellesrådet tok det til vitande med kommentar om at kyrkjeverjen bes ta kontakt med ungdomsrådet vedr. søknad om delfinansiering av ungdomsarbeidarstillinga.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

F-sak 24/16 Val til KA's landsråd

May Lisbeth Hovlid Aurdal stilte spørsmål til nominasjonsprosessen i forkant av dette valet. Både kyrkjeverjen og fellesrådsleiaren meldte om at dei ikkje kjente til at det var tilsendt noko informasjon om dette. Nominasjonsprosessen er no ferdig, men det gis anledning til å kome med benkeforslag på valldagen, 10.01.2016 i Molde. Etter fastsette reglar kan SKF med mindre enn 5 årsverk stille med 1 representant/delegat. Anbefalingane er at denne representanten blir fellesrådsleiaren.

Vedtak:

Fellesrådet ønskjer å foreslå May Lisbeth Hovlid Aurdal som kandidat til dette. Dette blir framlagt som benkeforslag frå vår representant, fellesrådsleiaren. Hovlid Aurdal skal også være ein av dei 3 kandidatane som skal foreslås. I tillegg skal vår utsendte representant foreslå; Lars Polden og Magny Landre.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

F-sak 25/16 Val av leiar og nestleiar for år 2017

I forkant av valet vart det av fleire rådsmedlemmar oppmoda til kontinuitet.
Valet var skriftleg og gjennomført i 2 omgongar.

Vedtak:

1. Først var det val av leiar; Av 6 røyster gjekk 5 til Trygve Ebbesvik og 1 til Torbjørn Støylen.
2. Så var det val av nestleiar; Av 6 røyster gjekk 5 til Torbjørn Støylen og 1 til May Lisbeth Hovlid Aurdal.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

4. Dei tilsette

Lønna av kommunale midlar:

Arild Sporsheim	- Kyrkjeverje i 100% stilling.
Rose Iren Stave	- Kantor i 100% stilling.
Elise Ullavik	- Kontorsekretær i 55% stilling.
Runar Bårnes	- Driftsleiar/kyrkjetenar/kyrkjegardsmedarbeidar i 50%/25%/25% stilling.
Olav Sverre Strømme	- Reinhaldar i 40% stilling.
Trine Ramnefjell	- Organist i 20 % stilling.

Lønna av sokneråda (innsamla midlar og statlege trusopplæringsmidlar):

Gunvor Aarseth Dirdal	- Ungdomsdiakon i 80% stilling (kommunen bidreg med 25% stilling). - til 18.07.2016
Katrine Numme	- Ungdomsarbeidar i 100% stilling (kommunen bidreg med 25% stilling). - fra 08.08.2016
Anna Myklebust	- Trusopplærar i 80% stilling – fra 08.08.2016

Utan lønn (med arbeidsavtale):

Torbjørn Støylen	- Økonomimedarbeidar i 18% stilling
------------------	-------------------------------------

Likestilling: 5 kvinner og 4 menn

Tilsette i Møre bispedømme: (ikkje tilsette hjå SKF, men med tenestested i Sykkylven og Ikornnes)
Helge Standal, sokneprest i Sykkylven sokn
Erlend Lunde, sokneprest i Ikornnes sokn

5. Kyrkjene

Kyrkjelege handlingar (samla):

- 89 gudstenester (90 i 2015)
- 55 døypte og 105 konfirmerte (70 og 101 i 2015)
- 9 vigslar (17 i 2015)
- 72 gravferdar (med kyrkjeleg seremoni) (58 i 2015)

I 2016 vart det brukt om lag kr. 280 000,- til investeringar og vedlikehald.

Av større ting kan nemnast:

- Retekking av hovudtaket til Ikornnes kyrkje

- Takarbeid Sykkylven kyrkje
- Ny teletinar til Sykkylven kyrkjegard
- Diverse lydutstyr til Sykkylven kyrkje
- Diverse kontorutstyr på kyrkjekontoret

2016 var også prega av ein del soknerådsfinansierte investeringar/prosjekt ved bruk av fondsmidlar. Investeringar på om lag kr. 142 000,- som gjekk til:

- Ferdigstilling av kyrkjekjellaren i Ikornnes kyrkje
- Ny digital mixepult i Ikornnes kyrkje
- Diverse lydutstyr i Sykkylven kyrkje
- Nye prosjektorar i Sykkylven kyrkje

6. Sykkylven kyrkjegard

Det var totalt 76 gravleggingar i 2016.

Vi mottar stadig tilbakemeldingar om at publikum opplever Sykkylven kyrkjegard som ein fin og velstelt gravplass. Dette gjer oss stolte, men det gjer oss også bevisste på å forsette eit systematisk og grundig arbeid med fokus på kvalitet med respekt for gravplassens sær preg.

Vi har eit godt samarbeid med ein lokal entreprenør som utfører arbeidet med opning/lukking av graver med tilstelling etter 6 mnd., plantestell, brøyting, samt ulike prosjekter.

7. Økonomi

Rekneskapet for Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) er inndelt i 4 avdelingar:

Avd. 41: Administrasjon (kyrkjekontor, lønn administrative stillingar)

Avd. 42: Kyrkjer (drift av kyrkjene og lønn kantor, organist, kyrkjetenarar, reinhaldar)

Avd. 43: Kyrkjegard (graving, stell, lønn kyrkjegardsmedarbeidarar og administrasjon)

Avd. 44: Anna kyrkjeleg verksemd (barne-/ungdoms-/kyrkjelydsarbeid i begge sokna, lønn trusopplæringsmedarbeidarar).

Avd. 44 blir avslutta mot ulike kyrkjelydsfond og mot soknerådsrekneskapa.

Rekneskapet for 2016 vart avslutta med eit negativt resultat på kr. 157 211,-. Dette beløpet, samt tidlegare års negative saldo på kr. 78 616,- utgjer eit samla udekka underskot på kr. 235 828,-. Dette beløpet er budsjettert nedbetalt i løpet av dei påfølgjande 3 budsjettåra (2017-2019).

Totalkapitalen pr. 31.12. 2016 utgjer kr. 7 838 478,- mot kr. 5 504 140,- pr. 31.12. 2015.

Den store auken skyldast flytting og samanslåing av fond, jf. F-sak 16/16.

Av den samla totalkapitalen utgjer bundne driftsfond pr. 31.12.2016 kr. 5 557 833,- mot kr. 2 870 311,- pr. 31.12.2015. Bundne driftsfond tilhører sokneråda (avd. 44), ikkje fellesrådsdrifta (avd. 41-43).

Anna kyrkjelege verksemd (avd. 44) viser ei netto avsetning til fond på kr. 214 474,- etter avsetning til fond på kr. 471 993,- og bruk av fond på kr. 257 519,-.

Etter SKF si oppfatning gir årsrekneskapen for 2016 eit rettvisande bilet av aktiviteten i året og stillinga ved årsskiftet. Årsrekneskapen for 2016 er sett opp under føresetnad om vidare aktivitet.

8. Oppsummering/målloppnåing/resultat

Økonomi

Grunna mindre tilskot frå Sykkylven kommune vart rekneskapen for 2016 oppgjort med eit underskot på kr. 157 211,-. Saman med underskotet frå 2015 på kr 78 616,- er det totale underskotet kr. 235 828,-. Det er budsjettet nedbetalt i år 2017-2019.

Kyrkjebrygga

Vi har to tenlege bygg. I 2016 har fokuset vore:

I Sykkylven kyrkje har vi av biskopen fått godkjent forsøksordning med ny plattform, døypefont og lesepult og fjerning av skjermar. Evaluering av desse endringane skjer fortløpende med omsyn til liturgisk funksjonalitet og arkitektonisk utforming. Sluttevalueringa vil skje i 2017.

I Ikornnes kyrkje er arbeidet med kyrkjekjellaren sluttført med nymaling, nye bord, lamellgardiner og nytt lydanlegg. Dei akustiske forholda vert vurdert. Det vart i 2016 meldt eit behov for auka tal på parkeringsplassar tilknytt kyrka.

Kyrkjegarden

Kyrkjegarden fram står som meir tenleg for fleire av Sykkylven sine innbyggjarar gjennom gjennomførte tiltak i 2016:

- Muslimsk gravfelt er etablert i 2016
- Sluttføringa av veglys vart planlagt i 2016 og fullført i starten av 2017
- Kyrkjevegen med tilkomst til kyrkjegarden er vorte regulert gjennom forliksavtale i 2016
- Arbeidet med å få gravkart og terreng til å stemme overeins er igangsett.

Tilsette

Staben har i 2016 fått 2 nye tilsette:

Katrine Numme begynte 08.08.2016 som ungdomsarbeidar i 100% stilling.

Anna Myklebust begynte 08.08.2016 som trusopplærar i 80% stilling. Ho erstattar Ingrid Fredly. Samstundes har Gunvor Aarseth Dirdal slutta som ungdomsdiakon i 80% stilling.

Sykkylven Fellesråd sitt ansvarsområde er prega av systematisk arbeid, utført av ein dyktig stab og eit aukande tal frivillige. Sykkylven kyrkjegard står fram som tenleg for innbyggjarar og tilreisande i Sykkylven. Bygningsmessigt har vi to tenlege kyrkjer som er fylt av stadig nye tiltak. Det er ei stor satsing på trusopplæring og arbeid blant unge. Utfordringane framover vil særleg ligge på å auke den diakonale innsatsen.

Vedlegg: 1. Balanseoppstilling – Vedlegg 3
2. Noter til rekneskapet

For Sykkylven kyrkjelege fellesråd, 06.04.2017

Trygve Ebbesvik

Trygve Ebbesvik
Fellesrådsleiar

Arild Sporsheim

Arild Sporsheim
Kyrkjeverje / Dagleg leiar

Torbjørn Støylen

Torbjørn Støylen

Anne Karin Watters

Anne Karin Watters

Svein Maron Runde

Svein Runde

Irene Hørte Høibakk

Irene Hørte Høibakk

May Lisbeth Hovlid Aurdal

Maylisbeth Hovlid Aurdal

Fellesrådssamsetninga

Trygve Ebbesvik

– fellesrådsleiar (frå Ikornnes sokneråd)

Torbjørn Støylen

– nestleiar (frå Sykkylven sokneråd)

Anne Karin Watters

– styremedlem (kommunal representant)

Svein Maron Runde

– styremedlem (geistleg representant)

Irene Hørte Høibakk

– styremedlem (frå Ikornnes sokneråd)

May Lisbeth Hovlid Aurdal

– styremedlem (frå Sykkylven sokneråd)

Arild Sporsheim

– kyrkjeverje/dagleg leiar

Bjørg Djupvik Grebstad

– varamedlem (frå Sykkylven sokneråd)

Anne Rita Kvistad Utgård

– varamedlem (frå Ikornnes sokneråd)

Helge Standal

– varamedlem (for geistleg representant)

Odd Jostein Drotninghaug

– 1. varamedlem (for kommunal representant)

Anita Vollstad

– 2. varamedlem (for kommunal representant)

Balanseoppstilling - Vedlegg 3

2016

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Side 1

21.02.2017 12:24:34

Magne Eivind

Periode 0-12

2016

2015

EIENDELER

Anleggsmidler

22700001 - Sykkylven kyrkje	1	1
22700002 - Ikornes kyrkje	1	1
22700003 - Sykkylven kyrkjegard	1	1
Sum Faste eiendommer og anlegg	3	3

Sum Utstyr,maskiner og transportmidler

Sum Utlån

22100001 - Aksjer og andeler	173 408	157 509
Sum Aksjer og andeler	173 408	157 509
Sum Anleggsmidler	173 411	157 512

Omløpsmidler

21310040 - Momskompensasjon	544 221	568 274
21319900 - Pensjonstrekk	-1 220	
21375002 - Samlekonto Debitorer	398 020	134 070
21375004 - Tilgode frå Sykkylven sokn		77 909
21375008 - Tilgode frå Ikornes sokneråd		103 810
Sum Kortsiktige fordringer	941 021	884 063

21899001 - Forskudd til ansatte

Sum Aksjer og andeler

Sum Sertifikater

Sum Obligasjoner

21000001 - KASSE	5 048	
21020001 - BANK - 4045 30 34315	270 679	241 103
21020002 - Fondskonto 4045 66 01032	4 728 545	2 535 151
21020005 - Konto for gravfond 4045 68 76899	1 622 223	1 596 197
21098001 - Skattetrekk	102 600	85 066
Sum Kasse postgiro bankinnskudd	6 724 046	4 462 564

Sum Omløpsmidler

7 665 067

5 346 628

Sum EIENDELER

7 838 478

5 504 140

EGENKAPITAL

28/277 Falj. Styret Sver Runde Maykostvalthold Aurdal
 Anne Kann Watterus Jld. Gjøsheim

Balanseoppstilling - Vedlegg 3

Sykylven kyrkjelege fellesråd

2016

Side 2

21.02.2017 12:24:35

Magne Eivind

Periode 0-12	2016	2015
Sum Disposisjonsfond		
25110000 - Avsett til barne- og ungdomsarbeid Ikornnes	-498 420	
25110002 - Avsett til kyrkjelydsarbeid Ikornnes	-380 437	
25110003 - Avsett til Ikornnes kyrkje	-20 620	
25120000 - Avsett til barnearbeid Sykylven	-843 896	
25120001 - Avsett til ungdomsarbeid Sykylven	-699 504	
25120002 - Avsett til kyrkjelydsarbeid Sykylven	-135 542	
25120003 - Avsett til Sykylven kyrkje	-609 708	
25130000 - Avsett til trusopplæringsarbeidet	-2 291 888	
25130001 - Avsett til musikkarbeidet	-69 619	
25130002 - Avsett til stabsutvikling	-8 198	
25140000 - Avsett Sykylven kyrkje	-38 779	
25140001 - Avsett Ikornnes kyrkje	10 296	
25191000 - Fond: Gåver/offfer uspesifisert Sykylven	-127 571	
25192000 - Gåvemidler til altersølv og tekstilar	-85 243	
25250000 - Avsett til musikkarbeidet	-62 836	
25282000 - Avsett til trusopplæringsarbeidet	-2 061 430	
25283000 - Avsett til vedlikehald orgel	-28 703	
25284000 - Avsett til utsmykking kyrkerom	-277 429	
25285000 - Avsett til underetg/kyrkjestove	-156 540	
25285200 - Avsett til stabsutvikling	-42 077	
Sum Bundne driftsfond	-5 557 833	-2 870 311
Sum Ubundne investeringsfond		
Sum Bundne Investeringsfond		
Sum Regnskapsmessig mindreforbruk		
25900001 - Udekka underskot	235 828	78 616
Sum Regnskapsmessig merforbruk	235 828	78 616
Sum Likviditetsreserve		
25990000 - KAPITALKONTO	-173 408	-157 509
Sum Kapitalkonto	-173 408	-157 509
Sum EGENKAPITAL	-5 495 413	-2 949 203
GJELD		
Langsiktig Gjeld		
Sum Ihendehaverobligasjonslån		
Sum Sertifikatlån		

Rolf Svein Runde Maybrett Hordaland
Anne Karin Walle Anne Sørheim

Balanseoppstilling - Vedlegg 3

2016

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Side 3

21.02.2017 12:24:35

Magne Eivind

Periode 0-12	2016	2015
Sum Andre lån		
Sum Langsiktig Gjeld		
Kortsiktig gjeld		
Sum Kassekredittlån		
23210421 - Påleggstrekk	-50	-50
23214003 - Oppgjørskonto mva.	-25 727	-28 418
23290904 - SKYLDIG PENSJONSTREKK		6 505
23290907 - SKYLDIG ARBEIDSGIVERAVGIFT	-66 609	-62 277
23290908 - SKYLDIG FERIEPENGER	-273 847	-261 419
23290909 - AVSATT ARB.GIVER AVG. FERIEP.	-38 792	-37 039
23299001 - Interimskonto Direkteremittering	-2 214	-2 214
23299006 - Samlekonto Kreditorer	-205 234	-294 148
23299007 - Skuldig Sykylven sokn		-191 518
23299009 - Trekk kompetanseformål	-4 345	-3 095
23299100 - Avsatt midlar til gravlegat / gravfond	-1 623 648	-1 596 197
23314001 - Forskuddstrekk	-102 600	-85 066
Sum Annen kortsiktig gjeld	-2 343 065	-2 554 936
Sum Kortsiktig gjeld	-2 343 065	-2 554 936
Sum GJELD	-2 343 065	-2 554 936
Sum EGENKAPITAL OG GJELD	-7 838 478	-5 504 140

MEMORIAKONTO

Sum Ubrukte lånemidler
Sum Andre memoriakonti
Sum Motkonto for memoriakontiene
Sum MEMORIAKONTO
Sum BALANSE

Tony Stoyle Svein Runde Maylisbeth Hovlid Aurdal
Anne Karin Wallekens Trill Sparsheim



Noter til rekneskap for Sykkylven kyrkjelege fellesråd 2016

Note 1:

Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar

Fellesrådet sin rekneskap er ført i samsvar med Forskrift om økonomiforvaltning fastsett av kultur- og kyrkjedepartementet 25. september 2003 og God kommunal regnskapsskikk. Dei kommunale rekneskapsprinsippa betyr blant anna at inntekter og utgifter er ført etter bruttoprinsipp og utgifter/inntekter er ført etter det såkalla anordningsprisnippet som betyr at alle kjente inntekter og utgifter blir tatt med i drifts- eller investeringsrekneskapen. I balanserekneskapen er omløpsmidlar vurdert etter lågaste verdi prinsippet. Anleggsmidlar er vurdert til anskaffelseskost. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid blir avskrive med like store årlege beløp over anleggsmiddelet si levetid.

Note 2:

Kommunalt tilskot

Drift:

Kommunen sitt tilskot til fellesrådet si drift er kr. 3.933.000,-. Dette tilskotet skal dekke drift av administrasjon og drift av den lokale kyrkja og kyrkjegarden. Det vart ikkje utbetalt etterbetaling for lønns- og prisvekst i 2016.

Investering:

Fellesrådet har ikkje fått noko til investeringar i 2016.

Note 3:

Løn og personalutgifter

<u>Består av følgjande postar:</u>	<u>2016</u>	<u>2015</u>
Løn og honorar	2 507 553	2 432 354
Folketrygdavgift	393 796	387 789
Pensjonsutgifter	260 500	287 600
Andre lønsutgifter	9 184	10 080
Sum løns- og personalutgifter	3 171 033	3 117 823
Gjennomsnittleg antal tilsette som utfører gjennomsnittlig årsverk	8	9
	6,13	5,93

Av dette er 1,53 årsverk finansiert av 0,18 årsverk ulønna og 1,35 årsverk statleg tilskot (trusopplæringsmidlar) og innsamla midlar.

Løn og anna godtgjersle til dagleg leiar: Kr. 565.815,-.

Revisor:

Revisjonshonorar for 2016 utgjer kr. 35.500,- eks. mva.
Dette gjeld fellesrådet og dei to sokneråda.



DEN NORSKE KYRKJA

Sykylven kyrkjelege fellesråd

Note 4:

Bunde midlar:

I posten bankinnskot inngår bunde bankinnskot / skattetrekksmidlar med kr. 102.600,-.

Note 5:

Pensjon:

Sykylven kyrkjelege fellesråd har gjennom KA inngått tariff-regulerte pensjonsavtalar med KLP.

Pensjonsutgiftene blir betalt og rekneskapsført som utgifter på det året pensjonen er opptent.

Arbeidsgjekks del av premie er kr. 260.500,-. Tilstede betaler 2% av premien.

Av premien i 2016 er reguleringsspremien på kr. 136.409,-.

Brutto påløpt pensjonsforplikting er kr. 7 684 972

Pensjonsmidlar utgjer kr. 6 364 966

Pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar er ikkje balanseført.

Note 6:

Anleggsmidlar:

Varige driftsmidler:

	Udstyr/Inventar 5 år	Maskin, Trspm. 10 år	Kyrkjer 80 år	Kyrkjegardar	SUM 2016
Anskaffelseskost 1/1	-				
Tilgang					
Avgang					-
Anskaffelseskost 31/12	-				
Akkumulerte avskrivningar 31/12	-				
Balanseført verdi pr. 31/12	-		3		
Årets avskrivningar	-				

Anskaffelseskost for kyrkjer er førebels ikkje utrekna.

Note 7:

Avsetningar og bruk av avsetninga

	Disposisjons Fond	Bunde driftsfond	Ubunde Inv.fond	Bunde Inv.fond	SUM: 2016	
Saldo pr 01.01:		2 870 312		-	2 870 312	
Saldo frå sokneråda		2 473 047			2 473 047	
Avsetningar		471 993		-	471 993	
Bruk av avsetningar		257 519		-	257 519	
Saldo pr 31.12:	0	5 557 833		-	5 557 833	

Jfr. fyldig oversikt bruk/avsetjing. Merk at fonda for sokneråda no er inkludert.

Nokre mindre fond er no slått saman med fond for den einskilde kyrkje.

Postadresse:
Kyrkjevegen 24
6230 Sykylven
(ny frå 01.01.2017)

Besøksadresse:
Kyrkjekontoret
Kyrkjevegen 24
6230 Sykylven

Tlf.: 70 24 69 00
E-post: post@sykylven.kyrkja
Heimeside: www.sykylven.kyrkja.no
Org. nr.: 976 997 298 Kontonr.: 4045.30.34315



DEN NORSKE KYRKJA
Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Det er også foretatt ei opprydding i fonda i samråd med fellesrådet.

Note 8:

Kapitalkontoen:

	Debet	Kredit
INNGÅANDE BALANSE pr 01.01		157 509
Aktivering av fast eidegod og anlegg		
Avskrivningar av fast eidegod og anlegg		
Avskrivningar av utstyr, maskiner og transp.m.		
Eigenkapitalinnskudd KLP		15 899
Nye lån	0	
Avdrag på lån		0
UTGÅANDE BALANSE, pr 31.12	173 408	
	173 408	173 408

Sykkylven, 21.02.2017

Med helsing
Arild Sporsheim
Kyrkjeverje / Dagleg leiar